

# POLITISK PLATTFORM 2023–2027

H, KrF og Frp («Koalisjonen»)

## Mål for samarbeidet

Me vil levera kommunen i betre stand enn før ved kommunestyreperioden sin slutt.

Då må me ha:

- tryggare økonomi med større disposisjonsfond
- tenester som er rigga for komande utfordringar
- stabilitet i bemanning og nøgde tilsette i kommunen
- auka folketal og fleire næringsetableringar

## Ein positiv og open kommune

Det skal vera enkelt å komma i kontakt med kommunen og få god og rett hjelp innan rimeleg tid.

Me vil:

- arbeida for at alle innbyggjarar blir møtte av kommunen med god rettleiing, klart språk og positiv haldning
- at den politiske leiinga skal vera synleg og tilgjengeleg for innbyggjarane
- at den politiske leiinga skal leggja vekt på gjera seg godt kjent med dei ulike tenestene i kommunen, framsnakka dei, men også gjera seg kjent med utfordringar og moglegheiter som ligg innanfor kvart tenesteområde, inkludert våre heileigde dotterselskap
- ha ein delingskultur internt i kommunen, samstundes som me ønskjer å læra frå og hjelpa andre kommunar



# Utvikling på heile Bømlo

Me vil at folk skal kunna bu og leva gode liv i heile kommunen, og me vil ta vare på sentrum.

Då må me:

- fullføra reguleringsplan for BUS-tomta, med variert bruk som til dømes friareal, skate-/aktivitetspark kombinert med næringsbygg og bustader samstundes som det blir vurdert om kommunale tenestar kan ha plass i noko av eksisterande byggmasse. Tomta må utviklast i samarbeid mellom kommune og private.
- laga ein plan for bruk av areal ned mot Storavatnet med gjennomgåande gangsti frå kulturhuset i sentrum vest til HSD-senteret i aust
- arbeida målbevisst for å utvikla Svortland sentrum til ein attraktiv stad for både handel, aktivitet og som møteplass
- utvikla attraktive sentrumsområder i delsentruma for å skapa auka bulyst og tiltrekkja oss bedriftsetableringar og attraktive arbeidsplassar
- sørge for at Bømlo har ein strandsonopolitikk som sikrar tilgang til sjø og sjøliv, mellom anna gjennom fellesanlegg for båtplassar og tiltak som gjer det mogleg å ivareta kystkultur og ha aktivitet ved sjø
- støtta opp om tiltak for auka bubil-, camping-, sykkel- og båtturisme
- jobba for å betra parkeringstilhøva i Eidesvik
- styrka alle delsentruma i kommunen og leggja til rette for spreidd busetnad i kommunen
- jobba opp mot Skyss for å styrkja kollektivtransporten, både (buss, båt og ferje, internt i kommunen, og ut av kommunen, til dømes ved å jobba for ei "hent meg"-teneste
- vidareføra og utvikla tilbodet om velkomstpakke med informasjon til nye innbyggjarar

## Økonomi

Kommunen står føre ein periode med endringar i samfunnet som krev at tenestene også må endrast. Det er viktig med trygg og ansvarleg styring av økonomien slik at kommunen sine grunntenester er like gode og trygge i framtida.

Difor vil me at:

- partia pliktar seg til å utarbeida og votera samla ved handsaming av kommunen sitt budsjett og økonomiplan
- det vert lagt vekt på brei involvering av kommunestyret i både budsjettarbeid og større saker for kommunen



- kommunen skal bli mindre avhengig av egedomsskatt, og målet er ein gradvis og ansvarlig reduksjon i egedomsskatten i perioden
- ved eventuelle meirinntekter til kommunen skal det prioriterast at ikkje alt går inn i drift, men kan nyttast til redusert egedomsskatt og å styrka disposisjonsfond

## Helse og omsorg

God helse er viktig i alle fasar av livet.

Me vil verna om dei svake og leggja til rette for ein verdig og aktiv alderdom ved å:

- gjera Bømlo til ein «demensvenleg kommune» og ha eit målretta arbeid for å både førebyggja ulemper menneske med demens kan oppleve og sikra god omsorg for desse
- leggja til rette for ordning med aktivitetsvenn for unge menneske med demens, i samarbeide med frivillige
- leggja vekt på å vri tenestene mot førebyggjande arbeid og auka satsing på velferdsteknologi
- prioritera å etablere «omsorg-pluss»-tilbod på Moster, Langevåg og Svortland
- leggja til rette for større aktivitet i dagsenter fleire stadar i kommunen, gjerne i samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar
- vidareutvikla arbeids- og aktivitetstilbodet for menneske med nedsett funksjonsevne
- sikra implementering av «HELT MED» i kommunen
- la det vera geografisk nærleik til heimetenester
- auka rammene for omsorgsløn til dei som vel å pleie sine sjuke og pleietrengende heime
- ha eit godt tilbod om avlasting for eldre der næraste pårørande tar på seg omsorgsoppgåver
- leggja til rette for gode tilbod til kronisk sjuke og personar som treng opptrening
- ivareta tilbodet for psykisk helse blant ungdom
- fortsatt arbeida for at det er heiltidsstillingar i helse- og omsorgssektoren
- arbeida for at frivilligheita blir eit viktig supplement til helse og omsorgstenestene
- utvikla ein strategi for å få folk til å stå lenger i arbeid
- jobba for universell utforming av kommunesentrum og delsentruma



- at kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass – fokus på å sikra kompetanse for framtida i helse og oppvekst

## Skule og oppvekst

Barn skal ha ein trygg og god oppvekst, kjenna på meistring og oppleva å bli sett. Førebygging og tidleg innsats kan vera avgjerande for god utvikling.

Me vil:

- ikkje ta skulebruksplanen opp til revisjon i kommunestyreperioden
- setja i gong prøveordning med å gjera Bømlo til «leksebevisst kommune», med mål om å implementere det fast om resultatane er gode
- prioritera arbeid for trygt skulemiljø for alle, og sjå på moglegheitane for å nytta fleire miljøarbeidarar i skulen
- støtta opp om arbeid med “fysisk aktiv læring” i skulane
- rusta opp skulen ved Våge og vurderer om det må byggjast nye bygg
- støtta og utvikla ungdomsrådet
- prioritera trygge og gode skuleveggar

## Kultur og idrett

Det frivillige arbeidet er sjølve drivkrafta i det sivile samfunnet, og me har god grunn til å vera stolte over det rike kulturlivet på Bømlo.

Me vil:

- sjå på korleis kommunen kan organisera innsats for frivillige for å sikra like vilkår for utvikling i ulike lag og organisasjonar, og på tvers av bygdene
- sikra vidareføring av fritidskortet og arbeida for enklare administrasjon og bruk av det
- gjennomgå tildeling av midlar for å sikra god utvikling og drift i lag og organisasjonar
- sikra at Moster Amfi kan ta arven etter Moster 2024 vidare på en god måte og at det blir eit nasjonalt anlegg finansiert over statsbudsjettet
- vurderer nye organisasjonsformer for kulturhuset



## Klima og miljø

Klimaendringane er ein av dei største utfordringane me har, og me må ta forvaltaransvaret på alvor.

Me vil:

- støtta arbeid som gir auka kunnskap om marin forsøpling og mikroplast
- arbeida for at det vert etablert ladepunkt i delsentra
- arbeida saman med havbruksnæringa for å sikre minst mogeleg miljøavtrykk
- leggja til rette for energieffektivisering i industri og eksisterande bygg
- framleis prioritera støtteordningar til tiltak for attgroing av kulturlandskapet

## Næringsutvikling

Me vil vera ein attraktiv støttespelar for lokale bedrifter og leggja til rette for vidare utvikling, nyskaping og vekst for arbeidslivet på Bømlo.

Difor vil me:

- utvikla ein politisk strategi for næringsutvikling på Bømlo
- støtta arbeidet for å sikra tilgang på elektrisk kraft for utvikling av næringsliv på Bømlo
- få ei oversikt over kommunale eigedommar og vurderer om noko kan seljast ut, eller nyttast til gjenbruk
- støtta opp om tiltak for auka bubil-, camping-, sykkel- og båtturisme
- prioritera at kommunen har tilgjengeleg næringsareal for utvikling av eksisterande og ny næring, og slik leggja til rette for at nye arbeidsplassar kan bli etablert i ulike deler av kommunen
- arbeida for etablering av næringsaktivitet i fiskerihamna i Hovlandshagen
- vera ein aktiv støttespelar for eksisterande og planlagt industriutbygging i Rubbestadneset, og utvikling av industri og næring på Serklau
- vera positive til utvikling i primærnæringar som jordbruk, skogbruk, fiske og fangst

